



Stranda kommune

Rådmannen

Saksbehandlar: Einar Lied

Melding om vedtak

Direktoratet For Byggkvalitet
Postboks 8742 Youngstorget
0028 Oslo

Vår ref.:
2022000726- 8

Dykkar ref.:

Arkiv:
K2-L10

Dato:
03.01.2023

Høyringssvar frå Stranda kommune - Endringar i byggtaknisk forskrift - TEK §7-2 og 7-4

21.12.2022 10:30 FORMANNSKAPET 143/22

1. Stranda kommune finn at foreslått endringar på høyring er tenlege.

2. Stranda kommune kjem med desse innspela/kommentarane:

Generelt vil ein kommentere:

Notatet sitt punkt 7.2, 6. avsnitt, siste setning.

Etter departementets vurdering må det være tilstrekkelig å vurdere alternative arealer innad i den aktuelle kommunen i kommunale planer og i den aktuelle regionen i regionale planer

Her vert det kommentert at ein ved vurdering av om det finst anna areal som kan nyttast skal gjere vurdering innad i den aktuelle kommune i kommunale planar. Dette må for Stranda kommune og mange andre kommuner gjelde kvar tettstad/bygd og ikke heile kommunen. For til dømes Geiranger må det vere arealet i tettstaden/bygda Geiranger som må leggast til grunn for vurderinga.

Punkt 3.3, 4. avsnitt er ei viktig formulering som må ein bør legge stor vekt på:

Eksisterende bebyggelse og infrastruktur befinner seg derfor ofte i fareområder. Ønsket om å bygge i slike områder er selvforsterkende ved at det gjerne er ønskelig å knytte ny bebyggelse til eksisterende bebyggelse og infrastruktur. Det vil kunne være lavere kostnader forbundet med å utnytte eksisterende infrastruktur ved å fortette bebygde områder, fremfor å bygge ut nye, ikke-fareutsatte områder. Det vil kunne gi lavere kostnader og bedre tjenester, både for kommunene og næringslivet. Det vil også kunne være lønnsomt å tilrettelegge for boligbygging i eksisterende sentra for å sikre sentrumsnære boliger for eldre, korte reiseveier og attraktive bomiljøer med sentrumskvaliteter.

Vi vil også på nytt minne om våre tidlegare innspel, sist som høyringsinnspel datert 27.07.22 (og vedlagt ppp):

- Vurdere om krav til overordna plan kan sløyfast der eksisterande bruk er etablert

Postadresse: Øyna 13 6200 STRANDA	Besøksadresse: Øynasenteret	E-post post@stranda.kommune.no	Telefon 70 26 80 00	Organisasjonsnr. 964 980 098
---	--------------------------------	-----------------------------------	------------------------	---------------------------------

- Alle tiltak som ikkje har heimel i overordna plan kan ikkje tillatast, og dermed er det ikkje tilstrekkeleg rom for å bruke dispensasjonsbestemmelsen tilknytt § 7-4. Men - dersom tiltaket ikkje har negativ påverknad på personsikkerheita og det under normale omstende ville kunne verte gitt dispensasjon – kva er då logikken for ikkje å kunne dispensere fra formålet i desse områda?
- Større moglegheit for kommunane til å vurdere kva som gagnar lokalsamfunna best. I dette ligg også at Statsforvaltarane må få mynde til å gjere konkrete tilpasningar gjennom god vurdering av enkeltsaker. I dette bør også ligge opning for bruk av detaljregulering for mindre areal/tiltak i ein del tilfelle, og ikkje eit absolutt krav om områderegulering.
- § 7-4 tredje ledd bør opne for bruksendring og det må presiserast kva som meinast med “mindre tilbygging, påbygging og underbygging”

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Einar Lied
Kommunalsjef plan og utvikling

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.